



Vanylven kommune
Rådhuset
6143 Fiskåbygd

Oversending av krav til avslutting og etterdrift for Lilleeide avfallsdeponi, Vanylven kommune

**Fylkesmannen har revidert krav til avslutting og etterdrift for Lilleeide avfallsdeponi.
Reviderte krav er gitt i vedlegg 1.**

Vi viser til vår e-post av 17.08.2017 med utkast til reviderte krav til etterdrift for Lilleeide avfallsdeponi, og til dykkar kommentar til utkastet av 31.08.2017. Dykkar kommentar er teken til følge.

Fylkesmannen reviderer med dette krav til avsluttinga og etterdrifta av deponiet. Krav til avslutting og etterdrift av avfallsdeponi etter forureiningslova og avfallsforskrifta for Lilleeide avfallsdeponi følger vedlagt.

Krava gis i medhald av *lov om vern mot forurensningar og om avfall* av 13. mars 1981 nr. 6, § 20 andre ledd, og er utforma i samsvar med reglane i *forskrift om gjenvinning og behandling av avfall* (avfallsforskrifta) § 9-15, jf. vedlegg III. Krava er gitt på grunnlag av opplysningar gitt i plan om avslutting og etterdrift, tilsyn 21.10.2016 samt andre opplysningar om deponiet i saka.

Eventuelle endringar av den planlagde etterbruken for området, kan utløyse krav om at revidert plan for avslutting og etterdrift blir lagt fram og søknad om endring av krava som er gitt i vedlegg til dette brev.

Det er viktig å merke seg at all forureining frå deponiet er uønska. Sjølv om utslepp er innanfor fastsette utsleppsgrenser, plikter driftsansvarleg å redusere utsleppa så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje er sett grenser for gjennom særskilte krav.

At krava til avslutting og etterdrift blir haldne, er ikkje til hinder for erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som skyldast forureining frå deponiet, jf. forureiningslova § 56.

Brot på krava er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova samt forskrifter fastsett i medhald av loven, er straffbart.

Saksframstilling og grunngjeving

Som svar på tilsyn 21.10.2016 sendte Vanylven kommune inn ei ny vurdering av overvåkingsprogram for Lilleeide avfallsplass. Fylkesmannen godtar forslaget til overvåkingsprogram, med unntak av at det framleis vil vere eit krav til å utføre utvida 5-årig analyseprogram. Vi meiner at dette må gjennomførast minst ein gong av sigevatn-sedimenta, og at ein deretter kan vurdere om dette er noko som kan kuttast ut. Vi har akseptert at det ikkje vært oppretta grunnvassbrønnar og målingar av grunnvatn. Punkt 5.2, 5.4 og 5.4.4 er endra i tråd med dette. Det er i tillegg gjort små endringar i punkt 2.1, 2.5, 3,5 og 6 slik at desse er i tråd med dagens drift.

Klage på vedtak

Det kan klagast på vedtaket til Miljødirektoratet av partar i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå underretning om vedtak er komme fram eller frå vedkommande fekk eller burde skaffa seg kjennskap til vedtaket. Ei eventuell klage skal angi kva det klagast over og den eller dei endringar som ønskast. Klagen bør grunngis, og andre opplysningar som er vesentleg for saka bør nemnast. Klagen skal sendast til Fylkesmannen.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsatt. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eget tiltak avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerd av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje klagast på.

Med visse restriksjonar har partane rett til å sjå dokument i saka. Nærare opplysningar om dette kan ein få ved å ta kontakt med Fylkesmannen. Fleire opplysningar om saksbehandlingsreglar og andre reglar som kan ha noko å seie for saka vil Fylkesmannen også kunne gi om ein tar kontakt.

Med helsing

Linda Aaram (e.f.)
miljøverndirektør

Anne Melbø

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg: Krav til avslutting og etterdrift for Lilleeide avfallsdeponi, Vanylven kommune
1 Krav til avslutting og etterdrift for Lilleeide avfallsdeponi, Vanylven kommune



Krav til avslutting og etterdrift av avfallsdeponi etter forureiningslova og avfallsforskrifta for

Lilleeide avfallsdeponi

Krava er gitt i medhald av *lov om vern mot forurensningar og om avfall* av 13. mars 1981 nr. 6, § 20 andre ledd, og er utforma i samsvar med reglane i *forskrift om gjenvinning og behandling av avfall* (avfallsforskrifta) § 9-15, jf. vedlegg III. Krava er gitt på grunnlag av opplysningar gitt i plan for avslutting og etterdrift samt opplysningar framkome under behandlinga av planen.

Krava erstattar løyve av 02.07.1991 til deponering av avfall på Lilleeide avfallsdeponi. Krava gjeld frå 31.12.2011 med endringar av 18.09.2017.

Driftsansvarleg må på førehand avklare skriftlig med Fylkesmannen endringar den ønsker å foreta i forhold til opplysningar som blei gitt i plan for avslutting og etterdrift eller under saksbehandlinga og som kan ha miljømessig verd.

Bedriftsdata

Driftsansvarleg	Vanylven kommune
Stad/gateadresse	6143 Fiskå
Postadresse	6143 Fiskå
Kommune og fylke	Vann
Org. nummer (bedrift)	974 004 704 (eiast av 883060482)

Deponidata

Gards- og bruksnummer	15/7
Grunneigar	Vanylven kommune
Postadresse grunneigar	6143 Fiskå
Deponikategori ¹	Kategori 2, ordinært avfall

Fylkesmannens referansar

Saksnummer	Anleggsnummer	Kontrollklasse ²
2010/8769	1511.0002.01	3

Krav gitt: 31.12.2011	Endringsnummer: 1	Sist endra: 18.09.2017
-----------------------	-------------------	------------------------

Linda Aaram (e.f.)
miljøverndirektør

Anne Melbø
fagansvarleg

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

¹ Jf. avfallsforskrifta kapittel 9 om deponering av avfall § 9-5

² Forureiningsmyndigheita sitt interne system for risikobasert hyppigheit for tilsyn

1 Ramme

Krava gjeld for Lilleide avfallsplass. Krava gjeld for avsluttingsfasen og for etterdriftsfasen.

Avsluttingsfasen er tida frå all deponering av avfall har stansa og fram til deponiet er dekt til i samsvar med krava i dette dokument. Avsluttingsfasen kan berre reknast som avslutta dersom Fylkesmannen har gjennomført ein sluttinspeksjon på staden, og har meldt frå skriftleg at krava for avslutting er oppfylt.

Med etterdriftsfasen meinas tida frå godkjent avslutting og fram til det tidspunkt deponiet, i samsvar med Fylkesmannens vurdering, ikkje lenger kan medføre skadeverknader på miljøet og menneskjers helse.

2 Generelle krav

2.1 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå deponiet er isolert sett uønskt. Driftsansvarleg plikter å redusere utsleppene så langt dette er mogleg utan urimelige kostnader.

2.2 Tiltak ved økt forureiningsfare

Dersom det som følge av unormale klimatiske forhold, tiltak på deponiet eller av andre grunner oppstår fare for økt forureining, plikter driftsansvarleg å sette i verk dei tiltak som er naudsynte for å eliminere eller redusere den økte forureiningsfaren.

Driftsansvarleg skal så snart som mogleg informere Fylkesmannen om unormale forhold som kan føre til forureining. Akutt forureining skal varslas jf. forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining³. Bedrifta skal òg så snart som mogleg informere Fylkesmannen i slike tilfelle.

2.3 Internkontroll, rutinar for drift og vedlikehald

Driftsansvarleg plikter å etablere internkontroll for avsluttings- og etterdriftsfasen i samsvar med internkontrollforskrifta⁴. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at driftsansvarleg retter seg etter alle krav gitt i dette dokument og relevante lover og forskrifter. Den driftsansvarlege plikter å halde internkontrollen oppdatert.

Driftsansvarleg plikter til ei kvar tid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoforhold.

For alle anlegg som er omfatta av krava i dette dokument, som oppsamlingssystem og eventuelt reinseanlegg for sigevatn, gassanlegg, system for overvatn og grunnvassbrønner, skal det finnast oppdaterte prosedyrar for drift, vedlikehald, oppfølging og kontroll. Det

³ Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining av 09.07.1992, nr. 1269

⁴ Systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter – forskrift av 06.12.1996 nr. 1127 (Internkontrollforskrifta)

skal vere oppdaterte teikningar og skildringar av plasseringa av anlegga og korleis anlegga er bygd. Det skal regelmessig førast driftsjournal for alle anlegg.

2.4 Bruk av underoperatørar

Dersom driftsansvarleg vel å gjennomføre avslutting og etterdrift ved bruk av underoperatørar, er den driftsansvarlege likevel ansvarleg for at krava til avslutting og etterdrift av deponiet blir følgt. Driftsansvarleg er òg ansvarleg for all rapportering til Fylkesmannen.

2.5 Oversikt over deponiet si utstrekning

Driftsansvarleg skal sjå til at den arealmessige utstrekninga til deponiet er merka på kart. Merkinga skal særleg vise område med farleg avfall. Kartet skal vere tilgjengeleg for framtidige grunneigarar og forureiningsmyndigheta.

2.6 Grunnforureining og gravearbeider

Eigedom g.nr. 15 b.nr. 7 er registrert i databasen *Grunnforurensning* med lokalitetsnummer 10253. Opplysningar om forureining i grunnen er overført til matrikkelen som er Norge sitt offisielle register over fast eigedom.

Bygge- og gravearbeider på eigendommen kan ikkje finne stad utan at Fylkesmannen i Møre og Romsdal er varsla og har gitt løyve til slike arbeider. Vidare skal Fylkesmannen varslas dersom faktisk bruk av eigendommen endrast vesentlig.

3 Særskilte krav for avslutting

3.1 Terrengarrondering

Deponiets overflate og kringliggande areal skal vere utforma på ein slik måte at overvatn i størst mogleg grad blir ført bort frå deponiet. Dette gjeld også etter at deler av deponiet har satt seg. Deponiets overflate bør ha eit fall på minimum 5 prosent etter setningar. Der dette ikkje er mogleg, skal det opprettast grøfter eller system for overvatn som fører vatnet ut av deponiområdet.

3.2 Toppdekke

Toppdekke er her eit felles uttrykk for dei lag med masser eller membranar som blir lagt oppå avfallet etter at deponeringa er avslutta.

Oppbygginga av toppdekke på deponiet skal skje på ein slik måte at ein sikrar stabiliteten i avfallsmassen og toppdekke, særleg for å hindre utglidingar. Dersom det opprettast ein kunstig barriere, må ein sikre denne mot setningsskader.

Toppdekke skal bli utforma slik at det berre slepp gjennom den vassmengda inn i deponiet som er naudsynt for å halde oppe ein naturleg nedbryting av avfallet. I tillegg skal toppdekke bidra til å redusere emisjon av metan og luktande gassar til eit minimum.

Masser som skal nyttast i toppdekke over gassdreneringslaget eller som dekkmasser over avfallet for å få riktig form på deponiets overflate, skal ikkje innehalde forureiningsstoffer som overstig akseptverdiane angitt i tabell 2.

Tabell 2: Krav til forureiningsnivå i masser som skal nyttast til avsluttande tildekking]

Masser over impermeabelt/tettaste lag	Maksimalt innhald skal ikkje overstige normverdiane i vedlegg 1 til forureiningsforskrifta kap.2.
Masser i impermeabelt/tettaste lag samt masser mellom impermeabelt/tettaste lag og avfallet	Skal overhalde mottakskriteriene for lettare forureina masser på deponi for inert avfall, jf. avfallsforskrifta kap. 9, vedlegg II, pkt 2.1.

3.3 System for overvatn

Det skal opprettast eit system for overvatn som leder mest mogleg av overvatnet bort frå deponiet.

3.4 Sigevassoppsamling

På grunnlag av deponiets eigenskaper og dei meteorologiske forhold på staden, skal det treffes naudsynte tiltak for å:

- a) ha kontroll med inntrenging av over-/grunnvatn i deponiet
- b) samle opp forureina overvatn og sigevatn
- c) behandle alt forureina vatn som samlas opp, dersom det er naudsynt for å oppnå forsvarlig utsleppskvalitet.

3.5 Sigevassbehandling

Forureina vatn og sigevatn som samlas opp, skal behandlas dersom dette er naudsynt for å oppnå forsvarlig utsleppskvalitet.

Fylkesmannen kan stille meir konkrete krav om reinsing av sigevatnet, bl.a. dersom deponiets overvakingsresultat skulle vise at det er naudsynt for å oppnå forsvarlig utslippskvalitet.

3.6 Anlegg

Veier, leidningsanlegg og kabelanlegg som ikkje lenger nyttast skal fjernas eller sikrast slik at sigevatn og deponigass ikkje førast ut av deponiområdet, men fram til eventuelle behandlingsanlegg.

Anlegg som ikkje er naudsynt for etterdrift eller for andre formål skal rivast. Dette gjeld ikkje gjerder som sikrar gass- og sigevassanlegg og andre anlegg som fortsatt skal vere i drift.

3.7 Dokumentasjon

Når avsluttinga av deponiet er gjennomført, skal følgende dokumentasjon vere oppretta og sendast til Fylkesmannen:

- a) Ajourført eigedomskart dersom det har skjedd endringar i eigedomsforholda.
- b) Ajourførte teikningar av eksisterande installasjonar og anlegg.
- c) Eventuelt forslag til endringar i overvakingsprogrammet for etterdriftsfasen.
- d) Plan over nøyaktig plassering (koordinatar) av alle prøvepunkt for overvatn, grunnvatn og sigevatn. Alle prøvepunkter skal visast med ein eintydig merking.
- e) Plan over nøyaktig plassering (koordinatar) av målepunkt for setningar. Alle målepunkt skal ha ein eintydig merking.
- f) Plan for drift og vedlikehald av anlegg og tekniske installasjonar.

3.8 Avsluttingsinspeksjon

Seinast ein månad etter avslutting av deponiet skal driftsansvarleg sende melding til Fylkesmannen og be om avsluttingsinspeksjon.

4 Særskilte krav for etterdrift

4.1 Drift av sigevassanlegg

Der kor Fylkesmannen har stilt krav om etablering av lokal reinseløysning for sigevatn, skal reinseanlegget drivast og haldast i stand inntil Fylkesmannen har godkjent opphør av anlegget.

Det skal kvart femte år, i samband med utvida prøveprogram, gjennomførast ein vurdering av behovet for fortsatt drift av eksisterande sigevassbehandlingsanlegg og tiltak for oppgradering av anlegget.

4.2 Drift av system for overvatn

System for overvatn skal haldast i stand og rehabiliterast eller utvidast etter behov, slik at minst mogleg overvatn tilførast deponiet.

4.3 Drift av anlegg og tekniske installasjonar

Alle anlegg og tekniske installasjonar skal driftas og haldast i stand slik at disse ikkje representerer nokon fare for menneskje og natur.

5 Krav til kontroll og overvaking i avsluttings- og etterdriftsfasen

5.1 Krav til prøvetaking og analyse

All måling, prøvetaking og analyse skal gjennomførast etter Norsk Standard eller anna anerkjent internasjonal standard. Prøver skal analyserast av laboratorium akkreditert etter

EN 45000-normen eller tilsvarende. Fylkesmannen kan krevje endra omfang av måleparameter og hyppigheit ved behov.

5.2 Tiltaksgrenser for sigevatn

Verksemda må fastsette kriterier for når utslepp av sigevatn kan føre til skade eller ulempe for miljøet slik at det må gjeres vurderingar av om tiltak skal settast inn. Kontroll- og overvåkingsprogrammet må vere utforma slik at dette kan bli oppdaga. Variasjonar i utslepp som føres gjennom reinseanlegg skal ikkje avvike frå kva som følger av normal drift av anlegget.

5.3 Avsluttingsfasen

Kontroll og overvaking i avsluttingsfasen skal vere i samsvar med fastsatt kontroll- og overvåkingsprogram for driftsfasen. Eventuelle endringar i prøvetakingsprogram må avklarast med Fylkesmannen i forkant.

Overvåkingsprogrammet skal dekke overvaking av deponiets sigevatn, relevant overflatevatn og grunnvatn i samsvar med rettleiar TA 2077/2005. Overvakinga skal kunne avdekke eventuelle sigevasslekkasjar eller endringar i deponiets vasstilførsel.

5.4 Etterdriftsfasen

Deponiet skal òg i etterdriftsfasen ha eit overvåkingsprogram for sigevatn og overflatevatn i samsvar med avfallsforskrifta kap. 9 vedlegg III og rettleiar om overvaking av sigevatn frå avfallsdeponi TA 2077/2005. Overvakinga skal kunne avdekke eventuelle sigevasslekkasjar eller endringar i deponiets vasstilførsel.

Eit forslag til revidert overvåkingsprogram for etterdriftsfasen skal sendast til Fylkesmannen til uttale som del av sluttdokumentasjonen på gjennomført avslutting jf. vilkår 3.8. Programmet skal ta utgangspunkt i overvåkingsresultat frå drifts- og avsluttingsfasen og minimumskrava til prøvetakings- og analysefrekvens i tabell 3.

Tabell 3: Krav til minimums prøvetakings- og analysefrekvens for deponiets etterdriftsfase

Overvakingstema	Frekvens
Sigevassmengde	Kontinuerlig
Samansetning av sigevatnet	Kvar 6. månad
Utvida prøvetaking av sigevatnet	Kvart 5. år
Sigevass-sediment	Årleg
Samansetning av overflatevatnet	Kvar 6. månad

Parameterane som skal prøvetas går fram av Miljødirektoratets rettleiar om overvaking av sigevatn frå avfallsdeponi TA 2077/2005, med unntak av mikrotoks test.

Eventuelle endringar i programmet som ein ønsker utført i løpet av etterdriftsperioden må avklarast med Fylkesmannen i forkant.

5.4.1 Toppdekke og setningar

Toppdekke skal kontrollerast for sprekker, hull og erosjon minimum ein gong i året. Setningsmålingar skal gjennomførast minimum kvart tredje år. Hull og sprekker skal tettast og skader på grunn av erosjon skal betrast. Setningar som førar til dammar på overflaten skal betrast slik at vatnet blir ført bort frå deponiet.

5.4.2 Overvatn

Overvassleidningar, overvasskummer, overvassgrøfter, bekkeinntak og bekkelukkingar skal kontrollerast minst to gonger i året og naudsynte utbetringar foretas etter behov.

Overvatnet sitt innhald av forureiningskomponentar skal overvakast ved regelmessig prøvetaking oppstrøms og nedstrøms deponiet i samsvar med fastsatt kontroll- og overvakingsprogram.

5.4.3 Sigevatn

Sigevassleidningar og kummer skal kontrolleras minimum ein gong i året og naudsynt rengjering og utbetringar skal skje etter behov.

Sigevassmengda skal registreras kontinuerlig. Innhald av forureiningskomponentar i sigevatnet skal overvakast ved regelmessig prøvetaking av innløp og utløp til reinseanlegget eller ved påsleppspunkt til kommunalt nett i samsvar med fastsatt kontroll- og overvakingsprogram. Fullt overvakingsprogram skal gjennomførast kvart femte år, også for parameter som ikkje tidligare har vært påvist.

6 Rapportering

Driftsansvarleg skal årlig rapportere til forureiningsmyndigheita i tråd med dei til ein kvar tid gjeldande retningslinjer for rapportering, jf. § 9-13 i avfallsforskrifta og krav satt i kontroll- og overvakingsprogrammet.

Rapporteringa skal skje seinast innan 1. mars påfølgande år og elektronisk via Altinn.

Følgande data skal fyllast inn i elektroniske skjema:

For sigevatn:

- konsentrasjonar av forureiningskomponentar i sigevatnet ut frå deponiet (før reinsing)
- konsentrasjonar av forureiningskomponentar i sigevatnet etter eventuell lokal reinsing
- sigevassmengde, totalt for året
- konsentrasjonar av forureiningskomponentar i sigevass-sedimentet

For overvatn og grunnvatn skal rapporteringa minimum omfatte konsentrasjonar av forureiningskomponentar oppstrøms og nedstrøms deponiet.

I tillegg skal rapporteringa omfatte eit vedlegg i form av eit pdf-dokument, kor det gis en:

- vurdering av analyseresultata for vassovervakinga
- vurdering av behov for tiltak for vasshandteringa

- oversikt over setningar siste tre år.
- oversikt over utførte miljøtiltak

7 Opphør av etterdrift

7.1 Søknad om opphør av etterdriftsfasen

Når resultat av kontroll- og overvåkingsprogrammet viser at deponiet ikkje lenger kan vere til skade for menneskjer og natur, kan driftsansvarleg sende søknad til Fylkesmannen om at etterdriftsfasen skal avsluttast.

7.2 Dokumentasjon

Ved søknad om opphør av etterdriftsfasen skal følgande dokumentasjon sendast Fylkesmannen:

- a) Oppsummering av analyseresultat/rapporteringsdata for dei fem siste åra.
- b) Risikovurdering av deponiets verknad på menneskjer og nærmiljø og faren for framtidige hendingar som kan gje verknad på miljøet og menneskjer.
- c) Skildring av tiltak for å avslutte etterdriftsfasen (riving av anlegg, fjerning av infrastruktur og gjerder, oppfylling, terrengarrondering, planting o.l.).
- d) Revidert reguleringsplan med krav dersom det har skjedd endringar i løpet av etterdriftsperioden.
- e) Oversikt som viser gjennomførte avsluttings- og etterdriftstiltak.

7.3 Inspeksjon før opphør av etterdriftsfasen

Fylkesmannen skal foreta inspeksjon før opphør av etterdriftsfasen kan aksepteras.

8 Førebuande og beredskapsmessige tiltak mot akutt forureining

Det skal til ein kvar tid vere ein oppdatert beredskapsplan. Driftsansvarleg skal sørge for naudsynt beredskap i samsvar med planen for å hindre, oppdage og stanse akutt forureining frå deponiet og tilhøyrande anlegg som omfattast av krava til avslutting og etterdrift.

Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som deponiet til ein kvar tid representerer og ta utgangspunkt i ein risikoanalyse.

9 Eigarskifte

Driftsansvarleg er ansvarleg for å varsle Fylkesmannen dersom eigendommen skal skifte eigar eller ansvaret for avslutting og etterdrift skal overførast til eit anna ansvarleg føretak. Melding skal sendes så snart som mogleg og seinast innan ein månad før endringa har funnet sted.

10 Tilsyn

Driftsansvarleg plikter å la representantar for forureiningsmyndigheita føre tilsyn med deponiet til ein kvar tid.